



Arkiv nr:

Sak nr 31/2016

Møtedato: 16.11.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S790, Rensenn – søknad om beite/tilleggsjord

Nils Ivar Slåttsveen søker om å få vist ut ca. 10 daa beite, alternativt som tilleggsjord inntil stølen på Rensenn. Det omsøkte arealet er ca. 10 daa. Det er også søkt om å få delt frå det eine selet som fritidsfeste med ny veg frå veg til S774. Den delen av søknaden blir behandla som eige sak.



Stølsforskrift § 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret.

I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarende.

Stølsforskrift § 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten aleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld

søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

Søkjaren starta med sau i 2015. Det vart slept 75 vinterfora søyer og 100 lam i år. Planen er å utvide det til 225–250 dyr på beite i 2017 og ca. 300 dyr på beite i 2018. Planen er å nytte stølsjorda aktivt til beite, i kombinasjon med «fritt beite» i fjellet.

I følgje kommunekartet er stølutvisinga på ca 30 daa og tilleggsjorda på ca 5 daa. Det blir i tillegg leigd 21 daa av Kari-Ann Slåttsveen, 13 daa av Knut Ingar Grefsrud på Nøsen og 18 daa av Hanne Øen på Rensenn. På dei leigde areala blir det hausta før.

Ut frå dei planer han har skissert med aktiv beiting av stølsjordet, er det mest naturleg å behandle søknaden etter § 5 i stølsforskrift; beiteutvising.

Søknaden er sendt Statskog og kommunen til uttale.

Søknad om utvising av areal til beite eller tilleggsjord skal leggjast ut til offentleg ettersyn, før endeleg vedtak i fjellstyret.

Vedtak 25/2016:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Kommunen har i brev den 9.11.16 tilrådd utvising.

Statskog har i brev den 5.9.16 gjeve følgjande uttale:

Statskog viser til sak nr. 25/2016 fra Vestre Slidre fjellstyre vedrørende søknad om tilleggsareal for beite. Fjellstyret har lagt saken ut på høring.

Det søkes om tilleggsareal til beiting og/eller tilleggsjord på ca. 10 daa, liggende på øversiden inntil eksisterende areal på fnr. 790. Fjellstyret skriver at ut fra skissert framtidig aktivitet med beiting av stølsjordet, blir det mest aktuelt å behandle søknaden som beiteutvising, jfr. seterforskriftens § 5.

Statskog er positive til søknaden og tilrår ovenfor fjellstyret at det gis tillatelse til å ta i bruk omsøkte tilleggsareal til beite med noen små justeringer.

Dersom fjellstyret tillater utvisingen av beitet, kan Statskog gi grunneiers tillatelse til oppsetting av gjerde rundt tilleggsarealet, jfr. §5, med følgende vilkår:

- Gjerdet skal være nettverksgjerde.
- Grinder og lee skal stå åpne i vinterhalvåret.
- Gjerdet skal ikke berøre/stenge eksisterende sti som går opp fra veien vest for omsøkte område opp mot fjellet og Grønsennknippa.

For det aktuelle tilleggsarealet vil Statskog dersom fjellstyret utviser, rekvirere oppmåling/registerenhet til kommunen etter at fjellstyret har gjort vedtak. Brukeren må selv betale for de kommunale kostnadene dette medfører, og gjøres kjent med dette.

Søknaden har lege ute til offentleg ettersyn utan at det har kome merknader.

Eventuelle kostnader til kommunal oppmåling er søkjaren sitt ansvar opplyser Statskog i sitt svar. Kommunen opplyser at det etter matrikkelloven ikkje er oppmålingsplikt for slike areal (servitutt).

Framlegg til vedtak

Fjellstyret godkjenner søknad om å få vist ut 10 daa beite slik som søkt om og med avgrensing mot stig som er skissert i svar frå Statskog. Godkjenning er gjort i medhald av stølsforskrift § 5.

Vedtak

Fjellstyret godkjenner søknad om å få vist ut 10 daa beite slik som søkt om og med avgrensing mot stig som er skissert i svar frå Statskog. Godkjenning er gjort i medhald av stølsforskrift § 5.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.11.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nils Ivar Slåttsveen og Tone Merethe Gjestad, Tynvegen 1130, 2960 Røn
Statskog
Vestre Slidre kommune